

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Fylke: Møre.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Håram.

Emne: Bordskikkar til kvardag.

Bygdelag: Skuløy.

Oppskr. av: Karl Rogne.

Gard: Rogne

(adresse): Longva, Skuløy.

G.nr. 7 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eigi røynsla.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I eldre tid vart maten laga i kjøkenet som no, men han vart eten i stova. Kjøkenet var lite, so der knapt var rom for huslyden å eta der. Elles er det eit spørsmål um dei ikkje hadde mothug å eta der maten var laga. No er det vanleg å eta paa kjøkenet der maten vert kokt og laga, til kvardags i alle høve. Og so slepp husmori med alt trakket å bera maten inn i stova.

1. Kvar stova hadde langebord og ved det sat dei all sin mat til alle tider.

2. Heile huslyden sat ved same bord, og det er skikk den dag i dag.

3. Alle et i lag veg ved same bord og til same tid. Det gjeld husbondfolk, born og tenarar.

4. Nei. Alle et av same maten.

5. Kjøkenet er no sc romsleg og bra innretta til vanleg, at heile huslyden jamnt et der. Husmori sparar seg mykje gonga med det.

6. I høgtidene, serleg jol, et ein i stova. Daa med et heile huslyden i lag. So og i serhøve som ved daap og konfirmasjon o.l.

7. Kvar huslem hadde og hev sin faste (visse) plass ved bordet. Med ein hadde langbord, sat husbonden i høgsætet

2. blad.

Paa benken ved veggen sat dei større borni etter alderen og so tenestgutane um dei hadde slike. Paa forsætet framfor bordet sat husmori nærmast husbonden med minstebarnet paa fanget, um ho hadde lit**h**barn. So sat ved hennar sida døtre og tenestgjentor. Um dei sit ved rundt bord, som sumtid no, so hev kvar sin faste plass.

8. Nei. Var dei so smaa at dei ikkje greidde seg sjølv, sat dei paa fanget anten hjaa mori, vaksne døtre, eller tenestgjentor. Til med husfaren kunde ha eit barn paa fanget, um so trongst.

9. Diverre er nemningi høgsæte no mest avlagd, so dei unge veit lite um det.

10. Nokor serleg aatgjerd soleis, veit eg ikkje av. Husmori avgjer kvar den einskilde skal skal sitja, og den plassen held kvar paa.

11. Var ein forkava, var **det** nok so som so med handvask fyrr dei aat. Det gjorde so mykje kva mat dei ~~ikkje~~ hadde. Var det skeiemat som graut, soppe el. likn. kunde dei lava handvasket vera. Ved annan mat var handvask vanleg. No er dette aalment til alle maaltid. Karane hev alltid sete berrhovda ved matbordet, det eg veit.

12. Fyrr var graut aust i fat, eitt eller fleire etter storleiken paa huslyden, so det skulde vera maatsamt for kvar aa naa i; for kvar aat ned for sin "trem" av fatet. Kvar hadde si eigi suvlskaal (mjølkekumme). Sume kalla denne skaali suvlikumme eller suvlskaal. Fraa gamalt av var suvlskaali svarva av tre. For ei 70-90 aar sidan kom kruskjerald i bruk, og daa va**æ**t suvlskaali gjerne kalla suvlikumme.- No vert graut, supa og skeimat elles aust paa tallerkar eller djupa borddiskar til kvar einskild ved bordet.

3

3. blad.

Borddisk var nemningi paa dei rundsvarva flate treskivone som dei brukte leggja fisk, sild eller flesk paa naar dei aat. Nemningi gjekk yver paa krustyttallerkane, men er no so avlagd, at dei unge veit mest ikkje kva ein borddisk er.

Grauten et ein so: paa skeii tek ein ei maatsam tugga, stakk den so i suvlskaali og so i munnen. So ~~ha~~^{hva} og. Ein plar ikkje drikka av koppen anna enn den mjølki som er att i koppen etter ein er ferdig med grauten. Grautsuvlet var alltid skyr (surmjølk). Ein slær ikkje mjølk yver vanleg graut, men yver desertgraut, no ein hev teke til med den, og daa alltid sòtmjølk. Kvar sin kopp hadde ein fyrr kaffidrikkini tok til.

13. Gryta vart ikkje sett paa bordet med maten i. Den vart "førd" upp i kjerald og sett paa bordet. I so maate var det ingen skilnad um framande ved eit høve var tilstade.

14. Ja, me laga betar soleis: til kvar bete tok ein umlag fjordeparten av ein flatbrødleiv, la den i two tjukner, deruppaa la ein fyrst sild og so potetor, braut so beten ihop so likemykje flatbrød laag yver og under den, klemde den so godt ihop med flate loven med beten laag paa bordet, tok den so med baae eller den eine neven og beit bitar av den. Sameleis gjorde ein betane, um det var flesk og/eller kjøt til suvl paa brødet. Hadde ein fisk, la ein fyrst smør, so brødgraut og sidan fisk og potetor der oppaa og braut ihop. Ein klemde alltid betane godt ihop fyrr ein tok dei i neven, so "finnmaten" ikkje skulde detta or den. Betar av dette slaget var jamnt brukt til middag.

15. Vanleg er aa duppa sukkerbiten i kaffien fyrr ein stikk den i munnen og so drikka kaffien til. Elles er det ikkje noko med med det.

16. Med dette er heller ikkje noko med. Ein vil heller drikka kaffien av skaali enn brenna seg.
17. Fram mot hundradaarsskiftet kom gaffelen i aalment bruk. Eg hugsar godt me aat all vaar mat utan gaffel. (Eg er fødd 1873).
18. Sjeldan brukte mennene tollkniven ved bordet. Dei som kvinnone brukte bordkniv som her nemndest "jongje".
19. Ja, kvar hadde si skei, og den kjende dei utan namnemerke. Skeiene var gjymde i skeispjeldet (ei lit:^l avlang firkanta trekaasa). Skeiene var fyrr laga av tre og horn. Best var dei av ukse- og verahorn. No er brukt vanlege kjøpeskeier av "alpakka" eller liknande material. Sylv-skeier er sumtid brukt i høgtider eller andre serskilde høgtidelege høve. Skeiene var alltid vaska etter kvart maaltid so langt attende eg hugsar, og truleg fyrr og.
20. For ei 70-80 aar sidan kom kruskjerald i bruk istaden for trekjeralk og trebordiskar. For ei 50-60 aar sidan, eller so, fekk kvar sin graut eller supa uppaust i djupe tallerkar. Supa kunde ein og faa i skaaler, dei same som var brukt til grautasuvlet.
21. Bordduk var ikkje brukt fyrr. Bordet var kvitskura, ikkje maala.
22. No er vanleg brukt voksdruk til bordduk, og den ligg paa bordet millom maali, men vert vaska etter kvart maaltid. I meir festelege høve vert brukt serskilde borddukar av ty, men dei ligg helst paa bordet berre under maaltidet. Slike borddukar er serskildt vovne til slikt bruk.
23. Fyrr etla husmori flatbrødet og suvlet (smør, kjøt og flesk). Sameleis kakematen. Graut, supa, sild, fisk og potetor fekk kvar forsyna seg av etter sin hug og trong. Fyrr poteta kom i aalment bruk, var næpa nytta, men ho var so.

vatsfull at sume hadde paa seg skinnermar, so væta or beten ikkje skulde siga upp i ermane. Husmori etla fyrst til husbonden, so nedyver etter rang og alder. Seg sjølv gav ho sist.

No fær kvar forsyna seg etter sin hug. Husbonden tek fyrst saat seg, so dei andre etter rad.

24. Sjaa svaret til sp. 23 ovanfor.

25. Under etlingi tok husmori umsyn til kven som trong mest, serleg dei som var i sterk vokster og so dei som hadde tungarbeid. Kvinnone plar til vanleg trongja mindre mat enn menner. Dette visste husmori og retta seg etter det. Alle fekk sitt nøgje, reint aalment daa. Hende det ei husmør var knipi med maten, kunde ho verta brydd med aa faa tenarar.

26. I 6-8-aars alderen greider borni vanleg aa matbyrsla seg sjølv, og daa forsyner dei seg gjemme sjølve og. Dei smaa fær hjelp fyrst og fremst av mor, men og av far eller andre.

27. I eldre tid var det nokso vanleg aa tyggja maten til smaaborn, ja, det var tilmed dei som let den togne tugga liggja paa tungesnippet og let barnet taka den der med munnen. No vert det ikkje togge til smaaborn.

28. Mest vanleg er det at alle ved bordet nester hendene og les stilt baade fyre og etter maten. Er bordbøn lesi høgt, vert det mest gjort av yngste barnet som kann greida det. Bordskikk soleis hev me enno. Er det ikkje born i heimen, les kvar for eg i set stille. Same bordskikken held ein um det er framande med til bords. I større lag og festlege høve syng ein gjerne bordvers fyre og etter maten.

29. Ved bordet var det og er det vanleg aa tala under må-

tidet, men husfaren sytte og syter for det vart førd høvsk tale.

30. Var det skuldlaust moroprat, kunde alle ved bordet læbaade godt og hjarteleg. Ein maatte daa akta seg, so ein ikkje svalgde rangt og fekk seg ei dugleg hosterid. (Fra Synnes paa Vigra hev ein dette ordtaket: "Er synnesmannen kumen ned i bomba (nistebomba) si?" So vert sagt, naar folk er heilt stille med dei et).

31. Ingen maatte syngja med dei aat, men fyre og etter maten som fyrr nemnt.

32. Var ein ikkje sers forkava, sat alle ved bordet til alle var ferdig. Det var og er aa halda bordskikk. Born er strengt tilhaldne i so maate.

33. Nei, ikkje til kvardags husens folk imillom.

34. Vanleg helsing i slike høve var og er: "Signe maten".

35. Nei, ikkje vanleg. Trong han mat, fekk han gjerne etter dei andre hadde ete, og daa helst kaffi og kakemat.

36. Kjem ein framand til gards millom maali, fær han mat, um han bed um det. Skyldfolk vert alltid bodne mat.

37. Ein gjest fekk alltid mat og drikka, og daa gjerne litt ekstra traktering. So no og. Fyrr bryggja alle til jol. Kven det var som kom i huset i joletidi skulde ha ei olkrus, for dei maatte ikkje "bera joli utatt", sa dei.

38. Kjelen stod og stend ikkje paa no heller, anna enn til kvart maaltid som ein brukar kaffi til. Skulde ein som kom, faa mat, laut han venta til kjelen var ferdig.

39. Framande gjester fær mat i stova. Mykje sjeldan paa kjøkenet. Husfaren, um gjesten er kar og husmori, er so gjesten er kvinne, sit gjerne til bord med den framande. Um ikkje det, so er dei inne og held gjesten med godt

prat, eller spør nytt.

40. Til vanleg vart gjesten bedd forsyne seg. Dei gamle var sver til aa nøyda gjester forsyna seg. Slikt er avlagt no.

41. Kunde ikkje husfarens eller husmori, etter som det høvde, vera inne hjaa gjesten medan han aat, sat han aaleine. Barn skulde ikkje vera der utan i fylgje med vaksne. Den som heldt gjesten med selskap medan han aat, sat anten paa ein stol eller benk og vende andlitet mot honom. Aa snu halvveges ryggen til vilde vera uhøvisk.

5094

NORSK ETHNOLOGISK GRANSKING